

Referat FAU-møte 17.10.2024

Klasse 2B og 7B var ikkje representerte på møtet – elles var det minst ein frå alle klassane.

Miriam ynskjer alle velkomne og fortell litt om korleis møtet blir strukturert. Første del i det lille auditoriet og deretter gruppearbeid nede på personalrommet i siste del.

Sak 1: Informasjon om kva FAU er v. rektor

Rektor fortel kva FAU er og viser ein liten videosnutt. “Hvorfor skal foreldre bli med i FAU?” på YouTube. Ho informerer også om at avdelingsleiar for skule har laga ein felles arbeidsstad på Google for alle FAU i Voldaskulen.

Ho har også fått innspel frå aktivitetsleiar for Skolejoggen at ho ynskjer seg hjelp frå FAU neste år.

Rektor fortel at FAU og skulen har arbeidd med ei handbok for foreldrekontakter der det står nyttig info til foreldrekontakter og andre foreldre. Dette arbeidet vil halde fram.

Sak 2: Korleis FAU arbeider og FAUs arbeid i 2023/24 v. FAU-leiar Miriam

Miriam informerer om FAU. Kva arbeid som har vore utført og kva ein vil fortsette med.

FAU har også vore delt inn i ulike arbeidsgrupper:

- Marknaden
- Symjing (ang. Symjing informerer rektor at det er bestemt at det er berre voldaskulen som får plass i den nye symjehallen i skuletida.)
- Dekkjungelen

Tema som FAU har arbeidd med i 23/24 er:

- Skulemiljø
- Skjerm i skulen
- Marknaden
- Elevundersøkelsen
- Sfo - ein betre kvardag for born og vaksne
- Forholda i Kårstadvegen
- Handbok for foreldrekontakter

Håvard fortel om Elevundersøkelsen (5-7 trinn). Skulane hadde ein månad å utføre undersøkelsen på. 9. Januar er resultata klare og for offentlegheita 13. Januar. Dette gir eit veldig lite vindu å informere føresette på. Hans forslag er å sette opp eit FAU møte før media har fått publisert noko og å sende ut nøkkeltala på Vigilo same dag som skulen får dei. Føresette kom med innspel angående trivselsundersøkingar. Resultat med anonym vs ikkje-anonym. Rektor forklarte fordelar og ulempane med begge typer undersøkingar. Det var også belyst iktigheita med å forklare godt borna om ulike omgrep.

Det var også ytra ynskje om betre informasjonsflyt ang. resultata. Forslaget til Håvard kan vere eit godt tiltak her.

Sak 3: Val av styre (5 stk: Leiar, nestleiar, skrivar, 2 medlemar).

Miriam Wiksnes, Kjetil Mastad Vestergaard, Kirsti Gaudestad, Karen Rosenberg Olsen og Tarjei Vågstøl.

Dei har i etterkant av møtet konstituert seg slik:

Medlemar: Tarjei Vågstøl og Karen Rosenberg Olsen

Skrivar: Kirsti Gaudestad

Nestleiar: Miriam Wiksnes

Leiar: Kjetil Mastad Vestergaard

Leiar og nestleiar deltek i SU.

Elevrådet er allereie konstituert.

Sak 4: Ymse

FIRST LEGO LEAGUE

Håvard Strand informerer. Arrangementet er 9. November på Campus. Håvard seier det er moglegheit for å få inn midlar til 6. trinn (evt 5. trinn) ved hjelp til drift av kafé.

- I etterkant av møtet har 6. trinn tatt på seg denne oppgåva.

Sak 5: Informasjon frå SFO v/Oddveig

Oddveig informerer om at oppstart for 1. klasse har gått veldig bra.

Måltid:

- Redusert beløp til 50 kr månaden. Dette gjeld også for turar og ekstra arrangement.
- Basane får kvar sin dag med mat. Innspel frå føresett: Helst ikkje roter på dagane, då er det lett å gløyme eller ta feil dag.
- Personal synes det er positivt med meir fleksibilitet til å gjere andre ting uten å ver låst til fast kantine-tid.
- Ved gløymd matpakke har ein noko på lur. Ingen skal svelte.

Bemanning er innafor norma, med mindre siste halvtimen av opningstida, som det er gitt rom for i vedtektene.

Ein anna føresett kjem med innspel om ein opplevelse av meir ro på Sfo no. Noko fleire seier seg einig i. Oddveig seier også at ho frå personalet har fått innspel om at dei er meir fornøgde no.

Sak 6: FAU-arbeid komande skuleår

FAU gjekk ned til personalrommet for å diskutere denne saka.

Kva saker burde FAU arbeide med?

- Ein veileder for skjermbruk, mobil og sosiale medier.
 - Vebjørn Krumsvik Skeide tek ansvar for arbeidsgruppa. Målet er å utarbeide eit utkast til veileder i løpet av november. Dei som ønsker å delta i gruppa kan ta direkte kontakt med han.
- Arbeide vidare med handboka for foreldrekontakter
 - FAU-styret følger opp dette
- Fokus på å bruke skulen til fleire ting enn bere skule. Gratis å låne skulen for heile klasser. Positivt for borna og klasse miljø.
 - Kjetil tek ansvar for å skrive dette tydelig i Handboka for foreldrekontakter.
- Korleis kan FAU bidra på Skolejoggen?
 - Kjetil kontakter Hanne Karlsen Wold for å avklare kva for oppgåver dei treng hjelp til og om dette egner seg som ei fast oppgåve for 6. trinn.
- Jobbe med betre informasjonsflyt mellom skule - heim.
 - FAU-styret tar dette opp på førstkommende SU-møte.
- Billogistikk ved henting og levering